

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
613.1	Knut Øyjordet	06.09.23	33/23

## SPØRSMÅL OM REGULERING AV SMÅVILTJAKTA FOR 2023/24

### *Saksdokument:*

1. Sak 21/22 om opplegget for småviltjakta og saker tidlegare år om fastsetting av kvote på rypejakt.
2. Resultat frå taksering av lirype (er kopiert og vedlagt saka).
3. Jaktkort- og fangststatistikk.

### *Saksutgreiing:*

Opplegget for småviltjakta frå og med sesongen 2021/22 vart vedteke i sak 21/22, som omfatta jakttid på dei ulike artane og diverse reguleringar. Da vart det innført avgrensing av talet på utanbygds jegerar utan hund, dvs. 125 kort i kvar 5-dagars periode frå 15. september til og med 29. september. Tidlegare var det fritt kortsal frå 15. september til ut februar. Både i sesongen 2021/22 og i fjor vart både lirype og fjellrype freda frå 30. september og ut sesongen pga. bestandsmessige forhold. Jakt på dei andre småviltartane som det er opna for jakt på, vart vedteke å vidareføre ut sesongen. Dagskvote på rypejakt vart fyrste gong innført i 2012. Fram til sesongen 2021/22 har dagskvota variert mellom to og tre ryper. Dei to siste sesongane har dagskvota vore ei rype for dei 15 dagane det vart opna for jakt.

Når det gjeld jaktkortsalet, vart det generelt seld mange kort til utanbygds da det var fritt kortsal, men dette vart vesentleg redusert frå sesongen 2021/22. Da vart det seld 372 kort (av 375) til utanbygds utan hund i regulert periode, ca. 340 kort til utanbygds jegere utan hund etter 30. september (det meste dagskort), ca. 40 sesongkort for innanbygds utan hund, ca. 30 sesongkort for innanbygds med hund (både fuglehund og harehund), 70 kort til utanbygds jegere med fuglehund i regulert periode (to 5-dagarsperioder 15.-24. september), ca. 25 kort til utanbygds med harehund i regulert periode (10.-17. oktober) og totalt ca. 50 kort for utanbygds med harehund frå 18. oktober til jul (fritt kortsal).

I fjor vart det seld 251 kort til utanbygds utan hund i regulert periode, ca. 100 kort til utanbygds jegere utan hund etter 30. september (det meste dagskort), ca. 20 sesongkort for innanbygds utan hund, ca. 30 sesongkort for innanbygds med hund, 70 kort til utanbygds jegere med fuglehund i regulert periode, ca. 25 kort til utanbygds med harehund i regulert periode og ca. 50 kort for utanbygds med harehund etter regulert periode. Før årets sesong er alle dei 125 korta for utanbygds utan hund i regulert periode seld både for periode 1 og 2, og 23 av 125 i 3. periode (pr 3. september). I tillegg er dei 70 korta for utanbygds med fuglehund i regulert periode og dei 25 korta til utanbygds med harehund i regulert periode selde.

Fangststatistikken viser at det i fjor vart felt totalt ca. 50 fjellryper, ca. 100 liryper, ca. 20 orrfuglar, ca. 15 storfuglar og ca. 100 harar. Året før vart det felt ca. 100 fjellryper, ca. 120 liryper, ca. 40 orrfugl, ca. 20 storfuglar og ca. 100 harar. Fangst- og jaktkortstatistikk frå 2010 og utover er tidlegare lagt ut på heimesida til fjellstyret.

---

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	90966277	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

Det har også i år vorte gjennomført taksering av lirype, dvs. i området Steinflybakkane/Leirungsmyrene, Dyrthønnlie/Griningsdalen, Veolie, området mellom Lemonsjøen og Tesse, og på Bringen, og med bruk av same mannskap som i mange år. Dei siste åra har det også vorte taksert på Besstrondfjellet. I tillegg er det i år vorte taksert i nokre andre område enn dei vanlege. Det er ikkje gjort noko berekning av bestanden, dvs. talet på fugl pr. km<sup>2</sup> og kyllingproduksjon, men det er som tidlegare år lagt vekt på å få eit bra inntrykk av produksjonen, ved registrering av talet på kull og kullstorleik. Opplysningar frå takseringa, frå trening i treningsfeltet, samt andre tilbakemeldingar er som tidlegare år eit viktig grunnlag i vurdering av eventuelle reguleringar av rypejakta.

Bestandane av både lirype og fjellrype har i Langmorkje vore under middels/middels ein del år nå, men i 2018 var det ein merkbar oppgang med god produksjon. I 2019 vart det ein liten «nedtur» att, spesielt i produksjonen av lirype. Da var det færre kull og generelt mindre kullstorleik, men som vanleg med lokale variasjonar. I 2020 var det ein ny oppgang, og i enkelte område var det mange kull med bra kullstorleik. Det same med fjellrypa, men også for «skarven» var det lokale variasjonar. I 2021 vart det ein merkbar nedgang i produksjonen av lirype, noko som skjedde også i ein del andre område i distriktet. Dette var overraskande fordi det var bra med stamfugl og ein meinte at vær- og føreforholda i tida før, under og etter klekking var optimale. Svikt i produksjonen førte til at fjellstyret vedtok å frede rypa frå 30. september og ut sesongen. I fjor skjedde det same, takseringsresultat og vurdering av bestanden av både lirype og fjellrype etter ca. 10 dagar med jakt, medførte at fjellstyret vedtok å frede rypa frå 30. september.

Årets taksering av lirype har vore utfordrande pga. vær- og føreforholda, med mykje regn og generelt blautt i terrenget. Derfor har takseringa skjedd heilt fram til og med fyrste helga i september. Resultata er nokså samanfallande som i fjor. Det er lokale variasjonar, i enkelte område er det få og små kull, medan i andre område er det funne enkelte kull med bra kullstorleik og normalt store kjuklingar, som betyr at det har vore ein viss produksjon. I dei områda det var sett brukbart under takseringa i fjor, er det slik i år også. Og der det var dårleg i fjor, er det dårleg i år. Når det gjeld fjellrypa, så er det ikkje taksering av den. Difor er det som vanleg vanskeleg å seie noko sikkert om korleis årets produksjon er før jakta. Som regel er tendensen for fjellrypa lik lirypa. Det er i alle fall få tilbakemeldingar om observasjonar av fjellrypekull så langt. Inntrykket vårt frå i vinter er at det generelt ikkje var så mykje fjellrype nå mot det pleier å vere i «normalår».

#### *Vurdering:*

Vi opplever nå ein tredje haust på rad eit takseringsresultat som ikkje er så «sprekt», men heldigvis så er det ikkje direkte dårleg. I enkelte av takseringsområda er det sett bra store og fine kull. Det verkar som at rypebestandane i Sør-Norge er på eit lågmål i mange område nå i år, og det er mange som allereie har freda rypa, deriblant fleire fjellstyre i distriktet. Dei to siste åra har vi opna for jakt og med dagskvote på ei rype, men innskrenka jakttida ved å frede både lirype og fjellrype frå 30. september. Dessutan vart talet på utanbygds jegerar utan hund vesentleg redusert frå 2021. Jaktstatistikken for dei to siste åra viser såleis ein betydeleg reduksjon i felte ryper, samanlikna med tidlegare år da det var fritt kortsal for utanbygds utan hund og dagskvote på to eller tre ryper. Og sjølv om uttaket da totalt sett var langt høgare, så opplevde vi likevel bra produksjon i enkelte påfølgjande år. Dette viser at det generelt ikkje er jaktuttaket året før som bestemmer produksjonen året etter.

---

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	90966277	2085.25.13625	vaga@fjellstyre.no

Historikken viser at det er store naturlege svingingar i småviltbestandane. Nå er vi tydelegvis inne i ein «bølgjedal» for eit langt større område enn berre i distriktet her, spesielt for rypa. Årsakene til dette er nokså komplekst, det er mange faktorar som spelar inn. I kor stor grad jakta påverkar bestandane er omdiskutert, og faktorar som predasjon, mengde smånagarar, vær, klima og sjukdom har nok langt større innverknad enn uttaket gjennom jakt, spesielt når omfanget av jakt blir såpass liten som vi har hatt siste to åra. Men usikkerheiten omkring dette, og at vi ikkje har fått ein målbar auke i produksjonen gjennom takseringa i år, samt berre nokre få tilbakemeldingar om observerte kull av fjellrype, tilseier at rypa nå bør fredast.

Ei freding vil vere eit inngripande tiltak som vedkjem mange, og det kan sjølvstundt diskutert om det er tilstrekkeleg fagleg grunnlag for å fatte eit slikt vedtak. Jaktutøvinga i Norge har i lang tid vore tufta på prinsippet om å hauste av eit overskot. Dette må liggje til grunn i all viltforvaltning. Vi har dei seinare åra hatt nedgang i både lirype- og fjellrypebestandane, som vi kan dokumentere både gjennom takseringsresultat og fangststatistikk. Sjølv med innskrenkingar i jakttid og kvote, registrerer vi likevel at bestandane ennå ikkje har tatt seg opp. Difor blir det vanskeleg å tilrå jakt att i år.

Når det gjeld dei andre jaktbare småviltartane, så er det hare og skogsfugl det er eit visst omfang av jakt på hjå oss. Det er ingen tvil om harebestanden er svært bra nå, og jakt på hare bør vidareførast som tidlegare. Produksjon av orrfugl og storfugl følgjer ofte rypebestanden. Men vi veit at dette er artar det er vanskeleg å jakte på, noko som fangststatistikken tydeleg viser. Ei avgrensa jakt på desse artane skulle difor vera greitt, men «brunfuglen», dvs. orrhøne og røy kan gjerne bli freda for å spare dei viktigaste produksjonsfuglane.

Heimelen for å frede rypa og andre artar er i fjellova § 23, der det i 3. ledd står at fjellstyret kan «avgrense talet på vilt av ulike slag som nokon kan felle eller fange, og innskrenke tida, måten og området for jakta og fangsten». I siste ledd står det at «før fjellstyret gjer noko vedtak etter andre og tredje stykket, skal kommunen uttale seg. Er det usemje mellom fjellstyret og kommunen, må fjellstyrevedtaket leggjast fram for departementet som tek avgjerd i saka». Vågå kommune fatta følgjande vedtak i 2021 i samband med høyring av småviltjakta i Langmorkje statsallmenning:

*Vågå kommune har ingen merknader til forslag til endring av opplegget for småviltjakta, vedtatt i fjellstyret, sak 41/20. Vågå kommune gjev fjellstyret fullmakt til å skrenke inn jakttida på rype dersom bestandsmessige tilhøve talar for at dette bør gjerast.*

Med bakgrunn i dette vedtaket er det ikkje nødvendig med innhenting av uttale frå kommunen ang. regulering av jakt på rype. Annleis blir det med orrhøne og røy, dersom desse blir freda.

Det er slik at saka også skal vurderast opp mot reglane i §§ 8-12 i naturmangfoldlova. Forslag til vedtak om freding av rype er lagt fram med bakgrunn i egne takseringsresultat, observasjonar elles, samt fangststatistikk frå tidlegare. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert som tilstrekkeleg, og så godt som det innan rimelege grenser let seg gjere å leggje fram. Det er teke omsyn til føre var-prinsippet (§ 9), og §§ 10-12 er også vurdert.

Når det gjeld jakt i Nordherad statsallmenning, så har fjellstyret ei samarbeidsavtale med Nordherad grunneigarlag og Nordherad bygdeallmenning om jakt på småvilt og storvilt (elg, hjort og rådyr) i Nordherad fellesområde. Det er fjellstyret som har ansvar for administrasjon av småviltjakta i dette samarbeidet. Det er tatt kontakt med dei to samarbeidspartane ang.

---

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	90966277	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

spørsmål om freding av rype også her. Og baa støtta eit forslag om freding av rype denne sesongen dersom rypa blir freda i Langmorkje, samt eventuelt andre reguleringar som fjellstyret vedtek.

### **Innstilling til vedtak:**

Med heimel i fjellova § 23, 3. ledd, vedtek fjellstyret å frede både lirype og fjellrype for jakt i Langmorkje statsallmenning for jaktseasonen 2023/24. Det blir vist saksutgreiinga når det gjeld grunngevinga for dette, m.a. om takseringsresultat og det generelle inntrykket av bestandsforholda.

Fjellstyret er oppteken av å leggje til rette for jakt og ivareta rettane til utøving av jakt og fangst i statsallmenning, og er klar over at totalfreding av rype er eit svært inngripande tiltak som vedkjem mange. Men fjellstyret meiner likevel det er riktig å frede rypa denne sesongen.

Jakt på dei andre småviltartane blir som dei seinare åra, med unntak av jakt på skogsfugl, dvs. orrfugl og storfugl. For desse to artane blir det opna for jakt i tida 15.-29. september, men med freding av orrhøne og røy.

For dei som har kjøpt jaktkort på førehand, dvs. utanbygds jegerar med fuglehund, og utanbygds utan hund i regulert periode, får dei tilbod om desse tre alternativa:

1. Refusjon av kortprisen med fråtrekk av eit administrasjonsgebyr på 15 %.
2. Overføre jaktkortet til neste år.
3. Å nytte jaktkortet i år, men da ikkje for jakt på rype, orrhøne og røy. For dei med fuglehund kan hunden nyttast i trening på rype dei fem dagane jaktkortet gjeld.

Fjellstyret vil opne for eit treningstilbod på rype i oktober for dei med fuglehund. Innanbygds som normalt kan jakte rype med fuglehund frå 15. september, kan trene hunden på rype i tida 15. sept. – 31. okt. mot løysing av kort på vanleg måte. Innanbygds som løyser jaktkort med fuglehund for jakt på skogsfugl, kan også nytte kortet til trening på rype i same tidsrom som kortet gjeld.

For Nordherad fellesområde blir lirype, fjellrype, orrhøne og røy freda for jaktseasonen 2023/24. Vedtak om freding er gjort i samråd med samarbeidspartane i Nordherad fellesområde, dvs. Nordherad grunneigarlag og Nordherad bygdeallmenning. Jakt på dei andre småviltartane blir som dei seinare åra.

Vedtaket blir offentleggjort på heimesida til fjellstyret 6. september. Vedtaket tek til å gjelde ei veke etter at det er kunngjort, jf. forskrift av 2010-08-12 nr. 1171.

Etter forvaltningslova kan vedtaket påklagast av alle med rettsleg klageinteresse. Ei eventuell klage må sendast skriftleg til fjellstyret innan tre veker frå mottak av saka med vedtak. Det skal grunnjevast og vise kva for endringar ein ønskjer.

### **Vedtak:**

Samrøystes: Som innstillinga.

---

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	90966277	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

*Rett utskrift. Går til:*

Vågå JFF v/Anders Bersu

Vågå kommune v/Laila Nersveen

Nordherad grunneigarlag v/Ola Kvarberg

Nordherad bygdeallmenning v/Monika Øien

Vågåmo, 06.09.23

Knut Øyjordet (e.f)

---

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	90966277	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no